Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hurum.

Emne: Ymse attåtfor

Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Frants Michaelsen, f. 1867 i Sov. sjømann til i 1886 då han

SVAR

kom til Rød, bonde dr. Mora på Rød.
Tryggve Liltvedt, f. 1890 i Holmsbu. Levde barnåra på Knattvoll, ungdomsåra på Trondstad; sidan 1938 bonde på ættgarden Liltvedt.

I A.

F.M.: Har høyrt om at kokkerøtt skal vera godt fôr.
T.L.: Ukjent.

II

F.M. har høyrt snakk om at tang vart brukt til grisen.
T.L. ukjent.
F.M. tykkjest hugsa at dei tok siv på Tolberg eit år. Kusina hans var kone dr, og ho var svært nytsen.

III.

F.M: Nesle skal vera ein næringsrik plante, men han kjenner ikkje til at nokon har nytta den. Potetgraset vart slått før det var vissent, hesja og gitt kua med ein gong. T.L. kan hugsa hesja potetgras.
T.L. har høyrt at nesle vart kokt til grisen.

9677

IV

F.M. har sjølv prøvt hestemøkk på grisen ein gong. Han slepte grisen ned i hestemøkka.
T.L. Det vart sagt at dei brukte hestmøkk til kua på Skogen. Ho fekk den som den var.

V.

1-3. Det er bare hesten som får sørpe; det kua får heiter hakkels. Det er halmhakkels med vatn og rugkli på. På dei aller fleste gardane har det i manns minne vore trau til kyrne, men den tida T.L. budde i Holmsbu fekk dei 2 kyrne dei hadde hakkels i en embar for det var ingen trau. Oftast vart det då nytta varmt eller kuldstått vatn. Hesten fekk der sørpa i ein kasse som stod fast på veggen, men det vanlege er elles at den får det i ein laus kasse forma slik  sett frå sida og gjerne med ein kjetting i til å dra den etter

4. Ukjent
5. Ukjent
6. På Trondstad har dei nytta mask dei siste åra. Dei har fått det frå Oslo. Eigaren hadde gard nor Oslo før han kom til Trondstad.
7. F.M.: Ukjent
T.L. kjenner ordet lag, men veit ikkje meir om det.

VI.

F.M.: Omkring 1890 var det slik overflod på sild. Då vart den brukt både som gjødsel og som fôr.
T.L.: Det vart brukt ein del fisk til grisen under krigen, men før den tid var det ikkje alminnelig det T.L. kan hugsa.

9677

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING